



Bjørn Erling Waage
Ievogen 196 B
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1161 - 21/9307

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 349/1 lo

Administrativt vedtak: Saknr: 201/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Bjørn Erling Waage dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.02.2026 for gbnr 349/1 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket Bjørn Erling Waage har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 349/1. Dagens driftsomsfang er 33 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel.

Søker eig og leig 23 daa innmarksbeite, og 33 daa fulldyrka mark.

Søkeren brukar ikkje kunstgjødsel

(GDE = 4,7 minus frådrag frå beitetid innmarke 52 veker)

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for foretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/1161»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Erling Waage

levegen 196 B

5917

ROSSLAND